

Til representantskapet i
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

RSM Hasner Kjelstrup & Wiggen AS
Statsautoriserte revisorer
Kanalveien 105 B
Postboks 63 Kristianborg, NO-5822 Bergen
T: +47 55 55 77 77 F: +47 55 55 77 70
Org.nr. 982 316 588 MVA

Melding frå revisor

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS som inneheld selskapsrekneskap, som syner eit overskot på kr 36 655 222 , og konsernrekneskap, som syner eit overskot på kr 34 887 746 . Selskapsrekneskapen og konsernrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, pliktige budsjettopplysningar og ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiars ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslovas reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, tilleggsreglar i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjera det mogleg å utarbeida ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhenta revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisebilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvissande bilete av den finansielle stillinga til konsernet Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS per 31. desember 2014 og av resultata for og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslovas reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halda fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funnet nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Stord, 13. mars 2015

RSM Hasner Kjelstrup & Wiggen AS



Ragnar Pettersen
Statsautorisert revisor